Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Sór-Tróndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Soknedal og Budal.

Emne: Lur (langelur.)

Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Malen (f. 1889)

Gard:

(adresse): Soknedal st.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Dette går fram av svara slik som eg har forma dei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Fela (flatfela) har vore, og er framleis det mest vanlege musikkinstrument her i bygdom, men i gamle dagar i Budal brukte dei og klanet (Klarinet) og spela saman med felespelemannen. Hardingfela har ikkje vore so mykje kjend her, men ein og annan har då halde seg til ho og. Gamle Lars Storró i Budal f. d. lærde seg hardingfelespel av sjølveste Smyllarguten. Dette kan truleg den gode spelemannen Ole O. Enlid, Budal, fortelja om. Personleg har han traktert flatfela. Reidar Jonsen, Reistóa, Singsås, trakterer både harding- og flatfele. Martin Strómo, Kvikne i Østerdalen, spelar hardingfele.

1) Lur var noko i bruk i Budal og Soknedal til for omlag femti år sidan. Det stemmer nok at dei mykje godt var laga på denne måten som det er peikt på i spórsmålet, men elles trur (?) eg å ha høyrt at dei laga lurar av einevedog, men i so fall laut dei vel binda dei med tåg?

9975

Kommun. 6

2) Kjenner ikkje dei orda det er spurd om.
men eg kann nemne at dei i Büdal
iallfall, leles på bakkhånn (bükkehorn.)

3) Eg er i villring om kva det er meint
med rangler (gåsehals) når det er noko
ein kan fylla erter i. I min barndom
og seinare og- laga üngane söljpipö
(seljeüfløyter), og det hende nok at
ein künne finne på å ha erter i
dei for å få fram trilleljod.

4) Her vert svaret ja på alle spürsmåla.
Til smelling med klokkeblomar var
det jonsok- og blåklokkeblomen som vart brükte.
Dei brükte å fyre av byrse- og dynamitt-
skott i brüdlaup til ære og lükke for
brürefolka, etter det eg har högrd.
Denne skikken er longe sidan avlagd,
men i krigsåra tok dei - med andre
gamle skikkar - oppatt denne skikken og.
Etter krigen har det nok dabba av
på nytt att med desse gamle skikkane,
berre stabbdansen ser üt til å bli
halden oppe heilt sünelaust i bonde-
brüdlaupsgarden her.

5) Her kan eg nemne at dei i Büdal
brükte noko dei kallas for *kråksmel-
le for å skræma bort üdyr og
olaysskryttyr med. Olaysskryttyr er kyr,
saüer og geiter som kom innom
innhegna jorder og gjorde ügagn.
Det som det serleg er peikt på ünder
spürsmål 5 kan eg ikkje svara på -
no iallfall. / Eit tillegg til svaret på
spürsmål 3) I Büdal brükte üngane fo-
omlag femti år sidan noko dei kalla skürrüfele.
Det vår to taggede trefliser dei raspa over
kvarandre so dei fekk fram ein slags raspe-
eller kapleljod.

* namnet kjem av at ljoden av denne smella likna på kråkeskrik

9975

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING